

# **Nordhordland kursregion**

*for grunnskulen  
Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy*

# **Nordhordland kursregion**

**NKR**



**Årsmelding 2014**

# **Nordhordland kursregion**

*for grunnskulen*

*Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy*

## **MÅLSETJING**

NKR arbeider for å halda ved like og vidareutvikla kompetansen til personalet i barnehage, grunnskule, PPT og vaksenopplæringa.

Det er eit forum og ein reiskap for dei deltagande kommunane til å fremja ei god fagleg utvikling på område der kommunane kan ha nytte av å koordinera innsatsen.

Jfr vedlegg 1- Statuttar for NKR.

## **INNLEIING**

NKR driv kontinuerleg arbeid med kompetanseheving innan skule-og barnehagesektoren. Ulike arbeidsområde, både kursrekker og ulike samarbeidsprosjekt, strekkjer seg gjerne over år slik at det er ein naturleg samanheng mellom årsmeldingane, frå eit år til eit anna.

## **IKT**

Arbeid med utvikling av felles IKT –strategi er eit døme på eit slikt arbeidsområde.

Styret har fleire gongar i løpet av 2014 invitert sentrale samarbeidspartnarar for å følgja opp felles utfordringar på IKT-området. Arbeidet gjeld både skule og barnehage og vil halda fram med stor styrke også i 2015.

## **UNGDOMSSTEGET**

Eit anna døme er «Gnist». Med utgangspunkt i «St.meld. 22» og «Strategi for Ungdomstrinnet», starta me opp i 2013 med dei første «Gnist-skulane» i NKR. I 2014 er UiU, Ungdomssteget i utvikling, starta opp. Dette er ei nasjonal satsing på ungdomssteget for å fremja grunnleggjande dugleikar, organisasjonsutvikling og praktisk, variert og relevant undervisning. Arbeidet held fram i 2015.

## **MIGRASJONSPEDAGOGIKK**

Elles har kompetanse innan migrasjonspedagogikk hatt stort fokus, det har vore arrangert kursrekker og fleire kursdagar både for tilsette i barnehage og skule. NKR har i denne samanheng arrangert samlingar for skuleleiarar og barnehagestyrar der tema har vore leiar si rolle i arbeidet med minoritetspråklege barna og elevlar.

I tillegg har PPT-kontora hatt fokus på dei same utfordringane i sitt nettverk, saman med Statped.

## **SKULE OG BARNEHAGE, SAMAN**

Barnehagesektoren er frå 2014 representert i fleire arbeidsgrupper enn før (Jfr. delen om Barnehagesektoren).

Kurs og prosjekt som går på tvert av sektorane er gjennomført og på trappene. Her kan nemnast kurs om «Teieplikta sine muligheter og avgrensningar i eit samhandlingsperspektiv» og arbeidet med inkluderande barnehage og skule.

Både barnehage, skule og PPT er, og vil på sikt verta, viktige aktørar.

Folkehelseprosjektet er eit anna døme på satsing der samhandling mellom sektorar vil verta vesentleg.

## STYRET

Styrevervet Kommunalsjef Jo Bjarte Tømmerbakke, Radøy Kommune har vore leiar  
Kommunalsjef Torleiv Frotjold, Austrheim, har vore nestleiar.

Medlemmar:	Austrheim Kommune: Fedje Kommune: Lindås Kommune: Masfjorden Kommune: Meland Kommune:  Modalen Kommune: Osterøy Kommune:  Radøy Kommune:	Kommunalsjef Torleiv Frotjold Rektor/ skulefagleg rådgjevar Ole Skoge Fagsjef grunnskule Anne Wergeland Skulefagleg rådgjevar Alf Strand Skulefagleg rådgjevar Reidun E. Johannessen Rektor Jahn Olav Nordheim Spesialrådgjevar Astrid Brandal Øvsthus Kommunalsjef Jo Tømmerbakke
------------	---	---

Styreverksemd: Styret har hatt 8 møte og har handsama 78 saker.

## SEKRETARIATET

Oddfrid Hole har vore regionssekretær i 50% stilling.  
Det har vore lagt 10 % merkantil hjelp til stillinga.

## MÅLGRUPPER

NKR har drive kompetanseheving for desse målgruppene:

Tilsette i grunnskulane, lærarar, assistentar, leiarar

Tilsette i Vaksenopplæringa

Tilsette i barnehagane, førskulelærarar, pedagogiske leiarar, assistentar og styrarar

Tilsette i pedagogisk-psykologisk teneste, PPT

## SKULESEKTOREN

Tal pr. 1.oktober 2014 (GSI)

Namn kommune	Tal skular	Tal lærarar	Tal assistentar	Tal årsverk *	Tal elevar
Austrheim	2	48	13	55.1	381
Fedje	1	16	3	15.4	73
Lindås	13	241	78	254.9	1946
Masfjorden	3	36	13	42.6	198
Meland	5	118	35	125	1047
Modalen	1	14	7	15.2	79
Osterøy	6	107	25	107.6	911
Radøy	5	70	23	77.5	624

\*I årsverk er tatt med leiarar, undervisningspersonell, assistentar, bibliotekarar og anna personell

## GJENNOMFØRDE TILTAK 2014

Oversikt over etterutdanningskursa som har vorte gjennomførte

<b>- Fag/område</b>	<b>Vår</b>	<b>Haust</b>	<b>Tal deltakarar Målgruppe</b>	<b>Fagleg ansvar</b>	<b>Merknad</b>
Munnleg eksamen	1dg		40 Faglærarar og sensorar	Fylkes- mannen og NKR	
Forvaltningsrett		1dg	27 Skuleleiarar	Fylkes- mannen Johan S. Rivertz	Forvaltningslova retta mot opplæringslova og problemstillingar frå skulen
Textpilot	1dg		20 Lærarar som arbeid med textpilot og PPT tilsette	Sverre A Holby Lingit AS	
Minoritetspråklege elevar- rektor si rolle		1dg	26 Skuleleiarar og PPT-leiarar	Bergen Kommune BEFO	(SPV) Samling for skuleleiarar før oppstart av kursrekke
Arbeid med og kartlegging av minoritetspråklege elevar		2dg	30 Lærarar i grunnskule	Bergen kommune BEFO	(SPV) BEFO= Bergen kompetansesenter for flerkulturell opplæring Framhald ein dag vår 2015
«Frå kompetansemål til læringsmål».		1dg	51 Lærarar i vaksenopplæringa 30 deltakarar kom frå vår region.	VOX	Kurset vart sett opp i samarbeid med, og midlar frå, fylkesmannen. Her var derfor også deltakarar frå Tysnes, Austevoll, Bergen, Voss og Fjell
Teieplikta sine muligheter og avgrensningar i eit samhandlingsperspektiv		1dg	Tilsette i skule, barnehage, Vaksenopplæringa PPT, barnevern, helsetenestene	Fag- akademiet v/ Kurt Bjørnnes	Midlar frå fylkesmannen (Helse-sektoren) Tverrsektorielt kurs
Problemretta veiledning i grupper		1dg	13 frå skule 31 frå bhg nytilsette, nyutdanna skule og bhg veiledarar	NLA	
LUIS- Kvalitetsarbeid i skulane	2dg		69 Skuleleiarar og Skulefaglege rådgjevarar	Conexus	
LUIS- Kvalitetsarbeid i skulane		1dag	48 skuleleiarar og Skulefaglege rådgjevarar	Conexus	Framhald og avslutning 2 dagar våren 2015

Følgjande tilbodet vart avlyst:

Etterutdanningsserien «Nøkler til naturfag», eit gratistilbod NKR fekk frå Naturfagsenteret, HiB og skulelaboratoria.

Det var 6 påmelde som alle fekk tilbod om å ta del i kurset andre stadar.

#### VIDAREUTDANNING (VU)

Hausten 2014 starta det opp tilbod om vidareutdanning i matematikk. Tilbodet har kome i stand etter ein avtale mellom NKR og NLA.

Dette er eit desentralisert tilbod, for lærarar på barnetrinnet, med studiestad på Breistein, 30 studiepoeng, over 2 skuleår.

Studiet vert avslutta våren 2016. Det er 13 studentar frå vår region som tek del.

Matematikk er eit satsingsområde for NKR framover.

#### DKS- DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

Det vart ikkje løyvd midlar til nye prosjekt i 2014.

NKR fekk også i 2014 løyvingar på kr. 50 000,- frå Fylkeskommunen. Desse har vorte overført til 2015-budsjettet.

#### LEIAROPPLÆRIING I GRUNNSKULEN

«Kvalitetsutvikling i skulane 2014-2015», med Conexus v/ Yngve Lindvik som fagansvarleg, starta opp januar 2014 med 2 kursdagar og ein kursdag i september.

Fagleg fokus har vore arbeid med kvalitet på skulane sine prosessar knytt til kvalitetsarbeid. Kursrekkja vert avslutta med ei 2-dagarssamling i mars 2015.

#### GJENNOMFØRING AV LOKALGITT MUNNLEG EKSAMEN

Lokalgitt munnleg eksamen vart avvikla for sjuande gong, våren 2014, administrert av NKR. I samband med at ei ny forskrift for å betra gjennomføringa av munnleg eksamen vart gjort gjeldande frå 01.01.14, har styret vedtatt ein revisjon av lokal instruks. Den nye forskriften og gjennomgang av den reviderte instruksen var hovudtema i kurset som vart halde våren 2014, for faglærarar, sensorar og skuleleiarar.



#### SAMARBEID STATPED OG NKR

Samarbeidet mellom STATPED og NKR har halde fram i 2014 og har no kome inn i faste rammer, både med omsyn til struktur og innhald.

Koordineringsgruppa har hatt 2 møte og har vore slik sett saman:

Frå NKR:	Astrid B Øvsthus, styremedlem Oddfrid Hole, regionssekretær
Frå Statped:	Anne Grethe Melsbø
Frå PPT:	Bodil Rossnes, Lindås PPT. Frå hausten 2014 vart PPT representert av Solveig Elvik, Austrheim PPT.
Frå barnehage-sektoren:	Astrid N Sylta, barnehagefagleg rådgjevar, Lindås kommune. (Frå haust 14.)

Dette året har det vore framhald med fokus på implementering av kartleggingsverktøy for minoritetspråklege elevar i skule og born i barnehage, både i PPT –nettverket og i NKR sitt tilbod –Jfr. matrisa: Gjennomførte tiltak 2014 merka *SPV*.

Denne kursrekkja vart starta opp med ei samling for skuleleiarar og tilsette frå PPT. NKR ønskte å gje eit berekraftig kurstilbod som hadde fokus på dei ulike i arbeidet med å gje gode undervisningstilbod til minoritetsspråklege born.

Kurshaldarane for NMT (Norsk med teiknstøtte) som vart kursa i 2013, har fått rettleiing frå StatPed når det har vore trong for støtte i samband med gjennomføring av kurs i regionen. Det vert ei utfordring å halda ved like den kompetansen som no finst i kommunane, noko som det truleg vil haldast fokus på i PPT-nettverket.

Eit arbeidsfelt/område som får meir fokus, er PPT sitt mandat til å gå i retning av meir systemretta arbeid i barnehage og skule. Kva følger får dette for vidare samarbeid i nettverket? Kva vert Statped si rolle i dette arbeidet?

#### DIALOGMØTE MED FYLKESMANNEN

I 2014 var det andre gong fylkesmannen gjennomførte dialogmøte med NKR.

Bakgrunnen for møtet er at Fylkesmannen dei seinaste åra har arbeidd mykje med m.a. tilsyn og klagesaker. Fylkesmannen ønskjer ein arena der både skule- og barnehagesektoren er representerte.

Med utgangspunkt i ein felles oppsett agenda drøfta regionen og fylkesmann felles utfordringar, på ein uformell måte.

#### IKT-SAMARBEID I REGIONEN.

Styret i NKR har, i fleire saker dette året, drøfta utfordringar når det gjeld samarbeidet med IKT-Nordhordland. Det har vore arbeidd med å sikra felles forståing av oppgåve- og ansvarsfordeling mellom kommunane og regionen, og med å arbeida fram fellesavtalar for ulike verktøy/ program. Kommunane er her i gang med opplæring og implementering av IOP Sampro, Vokal og Visma Flyt Skole.

Arthur Reinertsen, (frå 01.01.15 tilsett på Regionrådet) har vore ein viktig samarbeidspartner.

NKR er no den gruppa/det kontaktforumet som vidareformidlar felles ønskje om ulike programvarer inn mot IKT-NH og som gjeld både barnehage og skule.

Styret har også hatt vitjing frå Nordfjordregionen og fått orientering om arbeid med «Feide», eit program som på sikt kan vera aktuelt også i vår region.

Olav Teigen, Conexus har vitja styret og informert om PULS for skule.

Det er starta opp eit strategiarbeid der styret arbeider saman med Arthur Reinertsen. Her er barnehagesektoren representert ved Mette Træland. Dette arbeidet held fram i 2015

## VAKSENOPPLÆRING

NKR vart i 2014 tildelt 15 000 kr. frå Fylkesmannen. Midlane skal nyttast i arbeidet med oppstart og drift av nettverk knytt til arbeidet med realkompetansevurdering i grunnskulen, jf § 6-13 i forskrift til opplæringslova. Midlane skal nyttast i 2015.

## NETTVERK FOR REKTORANE PÅ UNGDOMSSKULANE OG 1-10 SKULAR

Det har ikkje vore møte i nettverksgruppa for rektorane dette året.

## RETTLEIING AV NYUTDANNA LÆRARAR OG BARNEHAGELÆRARAR

Samarbeidet mellom NKR og NLA har halde fram.

Det vart gjennomført 2 samlingar våren, ei for barnehage og ei for skule. Begge samlingane hadde som føremål å evaluera opplegget så langt i 2014.

Samlinga i mars, eit seminar i regi av «Ny i Hordaland», hadde 17 påmelde frå vår region. Temaet var: *«Hvilke utfordringer møter nyutdannede lærere i barnehage og skole den første tiden i yrket? Hvordan få til en god veiledningsordning i skole og barnehage?»*

Våren 2014 vart det oppretta ei utvida referansegruppe for dette samarbeidet. Gruppa vart supplert med to representantar, ein frå den regionale barnEhagegruppa (Hanstveit) og ein frå styret i NKR(Wergeland)

Det vart arrangert ei samling på NLA hausten for nytilsette, nyutdanna i skule og barnehage og deira rettleiararar. Her var det fokus på «problemretta veiledning» i grupper. Denne samlinga skal følgjast oppmed ei samling våret 2015.

## BARNEHAGESEKTOREN



Styret, ved Torleiv Frotjold, saman med barnehagerepresentantar frå dei 8 kommunane og regionssekretær, utgjer arbeidsgruppa for kompetanseheving i barnehagane.

Gruppa har hatt 6 møte og har handsama 57 saker.

NKR sitt fokus på barnehage har auka dei seinast åra. Barnehage er i større grad enn før representert i ulike arbeidsgrupper som er knytta til styret sitt arbeid.

Døme på dette er at barnehage no er representert i koordineringsgruppa for samarbeidet mellom Statped og i arbeidsgruppa for samarbeidet med NLA som gjeld tilbod til nytilsette,

nyutdanna lærarar og barnehagelærarar.

Det er også utnemnt ein barnehagerepresentant til å ivareta barnehagen si rolle i arbeidet med IKT-strategien.

Barnehage er også kvart år med i dialogen NKR har med Fylkesmannen ein gong pr.år.

Den regionale arbeidsgruppa fungerer ikkje berre som eit forum for felles kompetanse-utvikling, men like mykje som ein arena der felles utfordringar på andre område vert drøfta.

For 2014 kan t.d nemnast rutiner/ordningar med spesialpedagogiske tilbod i dei ulike kommunane og IKT-strategien for barnehage.

Fra hausten 2014 har møteleiinga gått på omgang mellom kommunane

## OVERSIKT OVER KOMMUNANE

Namn kommune	Tal barnehagar	Tal tilsette	* Tal årsverk	Tal born
Austrheim	2	60	48.2	173
Fedje	1	8	6.4	21
Lindås	16	294	204	956
Masfjorden	3	35	26	91
Meland	9	186	165	597
Modalen	1	10	7.6	23
Osterøy	8	99	92.80	420
Radøy	4	96	75.64	257

\*I årsverk er tatt med styrarar, pedagogisk personell og assisterantar

Regionen har i 2014 hatt følgjande fokusområde:

- a) Dagskurs for alle tilsette i barnehagane
- b) Styrarsamlingar og etterutdanning for styrarar og pedleiarar
- c) Felles utfordringar knytt til kommunal barnehagedrift

## GJENNOMFØRDE TILTAK 2014

Oversikt over etterutdanningskursa som har vorte gjennomførte

Fag/område	vår	haust	Deltakarar/ målgr.	Fagleg ansvar
Korleis arbeida med minoritetspråklege born i bhg, styrar si rolle i høve til denne utfordringa		1dg	39 Styrarar PPT-tilsette	Tonje Alvestad Ophus
Arbeid med minoritetspråklege born i bhg		1dg	43 Tilsette i barnehagane	Bergen kommune BEFO
Problemretta veiledning i grupper		1dg	31 (frå bhg) nytilsette, nyutdanna skule og bhg veiledarar	NLA
Minoritetspråklege born i bhg		1dg	31 Tilsette i barnehagane	Anne Matic og Siw Fjelldal Felles planleggingdag i nov.
Dokumentasjon i barnehagens pedagogiske kvardag,		1dg	42 Tilsette i barnehagane	Astrid Manger Felles planleggingdag i nov.
Eg i møte med barnet - om barns heilskaplege utvikling og læring, danning og sjølvbilde!		1dg	49 Tilsette i barnehagane	Dag Skram HiSH Felles planleggingdag i nov.

Barn som treng noko ekstra		1 dg	122 Tilsette i barnehagane	Cathrine Ask, BroAschehoug Felles planleggingdag i nov.
Kvalitetsarbeid og endringsleiing i barnehagen		1/2dg	34 Styrarar og barnehagefaglege rådgjevarar i kommunane	Conexus Oppstart av etterutdanningsrekka med oppstart 2015



## ARBEID MED TILSYN

Arbeid med tilsyn har vorte gjennomført etter dei ulike kommunane sine planar for dette arbeidet.

Kommunane har hjelpt kvarandre med eksterne tilsynsrepresentantar.

Det har elles ikkje vore spesielt fokus på tilsyn i arbeidet i den regionale barnehagegruppa

## ARBEID MED LANGTIDSPLAN 2014-2017

Det vart ferdig utarbeidd ny, regional langtidsplan for barnehagesektoren

### KOMPETANSEPLAN FOR NORDHORDLAND KURSREGION 2014-2017

Målgruppe	Deltakarar	Innhald	Om-fang	Organisering/ Oppstart/slutt
Leiarar	Styrarar	Kvalitetsarbeid i bhg- Endringsleiing	5 dg	3 semester, arbeid mellom samlingane 2014-16
Leiarar	Ped-leiarar	Kvalitetsarbeid i bhg- Endringsleiing	5 dg	3 semester, arbeid mellom samlingane 2014-2016
		Spespedhjelp i bhg		
Styrarar	Styrarane i regionen	Aktuelle tema frå styrarane og arbeidgruppa	1-2 gg pr.år	Heil- eller halvdags- samlingar
Alle tilsette	Ulike målgr	Barnehagen som lærande organisasjon		
		Danning		
		Kulturelt mangfold		
		Tidleg innsats		
		Spesped.hjelp i bhg		
		Born med spes. behov		
		Eit godt språkmiljø for alle barn		

## STIMULERINGSTILTAK – GJENNOMFØRING AV FAGPRØVE

NKR hadde kr. 74 000,- overført frå 2013 sidan assistentrekkja i 2013 ikkje kom i gang.(Jfr  
førre Årsmelding)

Pengane har vorte nytta til stimulerungstilskot til barnehagar som legg til rette for at tilsette tek fagbrev som praksiskandidat i løpet av 2014/2015.

Det kom inn 11 søknader frå 4 ulike barnehagar som alle har fått tilsegn om midlar.

## TILBOD TIL STYRARANE

Det har vore gjennomført ei styrarsamling der temaet var: Korleis arbeida med  
minoritetsspråklege born i barnehagane, styrar si rolle i høve til denne utfordringa.  
Fagansvarlege var Tonje Alverstad Ophus

**ETTERUTDANNING FOR STYRARAR OG PEDLEIARAR I BARNEHAGANE.**  
NKR har sett i gang ei kursrekke der målgruppa er *både* styrarar og pedagogiske leiarar . Bakgrunnen for dette er at begge desse gruppene vert sterkt prioritert i «*Kompetanse for framtidens barnehage- Strategi for kompetanse og rekruttering 2014-2020*»og fordi dei kommunale barnehageplanane prioriterer same målgruppe.  
Kursrekka vil gå over 3 kalenderår 2014-2016 og vart i desember 2014 starta opp med eit orienteringsmøte for alle styrarane i regionen.  
Det er påmeldt 190 deltakarar til kursrekka. Det vil verta 2 kursdager i 2015 og 2 kursdagar i 2016. Fagansvarlege er Conexus

## SAMARBEIDSPARTAR

NKR har i 2014 samarbeidd med følgjande utdanningsinstitusjonar/ organisasjonar:

HiSF	Høgskulen Sogn og Fjordane
NLA	Norsk lærarakademi
DKS	Hordaland fylkeskommune Den kulturelle skulesekken
Bergen kommune	BEFO Bergen kompetansesenter for flerkulturell opplæring,
IKT NH	IKT-Nordhordland
Fagakademiet	
Fylkesmannen i Hordaland	
Conexus	
Statped	
BroAschehoug	

## DELTAKING PÅ KURS/ KONFERANSAR/ UTVAL

Regionsekretær og styreleiar har tatt del på desse samlingane:

Oddfrid Hole 7.april 2014 fagdag på Statped.  
21.nov 2014 3.dag -etterutdanning for PPT-tilsette.  
Samarbeid PPT/ kommunane med fokus på PPtenesta som  
partner for inkluderande bhg og skul

Jo Tømmerbakke Utdanningsdirektøren sitt arbeidsutval for leiarane i kursregionane.

Knarvik 24.02.2014

Oddfrid Hole  
Regionssekretær

2 vedlegg  
Avrekning 2015  
Statuttar for NKR

# NORDHORDLAND KURSREGION

## AVREKNING 2014

<b>Samla utgifter</b>		<b>1 017 132</b>			
Inntekter					
Refusjon moms	kr	16 787,79			
Kursinntekter	kr	363 100,00			
Refusjonar	kr	92 000,00			
Bruk av fonD	kr	194 000,00			
		665 888			
<b>Netto utgifter</b>		<b>351 244</b>			
<b>Fordeling</b>	Fast sum	10 % av 351244			
		35 124			
	Til fordeling etter elevtal	316 120			
<b>Kommune</b>	<b>Elevtal</b>	<b>Fordelings-nøkkel</b>	<b>Beløp</b>	<b>Fast Sum</b>	<b>Totalt beløp for 2014</b>
Austrheim	379	7,32 %	kr 22 790,47	kr 4 390,50	27 181
Fedje	79	1,53 %	kr 4 750,52	kr 4 390,50	9 141
Lindås	1954	36,30 %	kr 117 500,22	kr 4 390,50	121 891
Masfjorden	203	3,87 %	kr 12 207,03	kr 4 390,50	16 598
Meland	1013	19,27 %	kr 60 914,91	kr 4 390,50	65 305
Osterøy	930	18,17 %	kr 55 923,85	kr 4 390,50	60 314
Modalen	74	1,32 %	kr 4 449,85	kr 4 390,50	8 840
Radøy	625	12,23 %	kr 37 583,23	kr 4 390,50	41 974
<b>Kontrolltall</b>	<b>5257</b>	<b>100 %</b>	<b>316 120,10</b>	<b>kr 35 124,00</b>	<b>351 244</b>

Jorunn Kjøde Fosse  
Fagleiar rekneskap 26.01.2015

## **STATUTTAR FOR NORDHORDLAND KURSREGION REVIDERT OG GJELDANDE FRÅ 27.06.07**

1. Nordhordland kursregion er eit samarbeidsorgan for skule- og barnehageområdet i Nordhordland. Samarbeidet omfattar kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.
- 2 Hovudmålsetjinga for kursregionen er
  - å arbeida for å halda ved like og vidareutvikla kompetansen til personalet i barnehage, grunnskule, PPT og voksenopplæringa.
  - vera eit forum og ein reiskap for dei deltagande kommunane til å fremja ei god fagleg utvikling på skule- og barnehageområdet.

### **3. STYRET**

Dei skule- og barnehageansvarlege i kommunane er styret for kursregionen.  
Styret har m.a. til oppgåve å utarbeida plan for verksemda.

I kommunar der ansvar for skule og barnehage er delt, kan kommunane stilla med den barnehageansvarlege i saker som vedkjem barnehage  
Om skuleansvarlege ikkje møter i styret oppnemner rådmannen person(ar) med mynde.

Berre ein frå kvar kommune har røysterett til ei kvar tid.

Styret vert konstituert med leiar og nestleiar. Leiarvervet går på omgang mellom styremedlemmane.. Funksjonstida er 3 skuleår.

Styret har høve til å setja ned ad hoc utval som arbeider med ulike oppgåver.  
Styret er vedtaksført når minst 50% av medlemmane er til stades.

### **4. SEKRETARIATET**

Kurssekretæren er tilsett i Lindås kommune og NKR kjøper tenester hjå Lindås kommune, i samsvar med eigen avtale.

Sekretæren er utøvande organ for styret

Kurssekretær rapporterer til og førebur saker saman med styreleiar.

Kurssekretæren kan representere NKR og ta del i ulike møte innanfor NKR sine ansvarsområde, etter avtale med styreleiar.

### **5. ØKONOMI**

10% av det totale kommunale tilskotet skal betalast som fast beløp frå alle kommunar.  
Dei resterande 90% skal reknast ut etter elevtal.

(dette punktet vil få ei endring slik at det vert i samsvar med ny finansieringsordning)  
(endring frå 01.01.11- Jfr vedlegg "NY ORDNING FOR FINANSIERING AV NKR")

### **6. ENDRING AV STATUTTAR**

Endring av statuttane krev minst 5 stemmer

## **Vedlegg til statuttar**

### **Sak 60/10 NY ORDNING FOR FINANSIERING AV NKR**

#### **Rutinar knytt til ny ordning for finansiering av NKR sine kurstilbod, Vedtatt i 1.oktober 2010 Gjeldande fra 01.01.2011**

1. Fordelingsnøkkelen som er nytta i budsjettet for 2011 er rekna ut frå GSI-tala 1.oktober 2009  
Når refusjonskrav vert sendt ut vår og haust 2011 vil summane verta justerte etter GSI-tala 1.oktober 2010
2. Refusjonskravet skal fordelast mellom skule og barnehage etter følgjande fordelingsnøkkel :  
Skule: 60 %  
Barnehage 40 %  
Kommunane kan justera fordeling i høve til aktiviteten som er drive føregående år.
3. Det vert sett opp budsjett for kvart kurs/kursrekkje som det vert gitt tilbod om.  
Summen for dei einskilde kurstilboda vil variera. Minstesum for ein plass er. Kr. 400,-
4. NKR sender rekningane til kommunane i samsvar med tal deltarar.
5. NKR sender krav for alle som er påmeldde når fristen går ut.  
Avmelding skal skje ei veke før kursstart. Skulane føretok avmelding sjølv, via kursbasen. Viss ikkje avmelding er føretatt vert det sendt krav om betaling.
6. Kursrekkjer som er sett i gang i 2010 og som held fram i 2011 vert gjennomført etter gamal ordning. Dette gjeld ikkje LUIB. Her må kommunane betala heile kostnaden.